

**Fra:** Beate Sandnes <beate.sandnes@masfjorden.kommune.no>

**Sendt:** 26.04.2023 18:47:27

**Til:** Karstein Totland <Karstein.Totland@masfjorden.kommune.no>, Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>, Sveinung Toft <Sveinung.Toft@masfjorden.kommune.no>, Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>

**Emne:** Nærbutikken

---

Hei.

Eg vil minne kommunen på at nærbutikken på Sandnes slit med å finne plass å være og eksistensgrunnlaget er vanskeleg pga høge strømprisar. Dette etter butikken blomstra under korona, då handelslekasjen var liten. Før det igjen jobba veldig mange av oss i bygda dugnad for å halde butikken på beina. At butikken klarte seg godt under korona, syner at det er mogeleg å drive den med overskudd.

Nærbutikken er viktig for flyktingane våre. Dei fleste har ikkje bil og må reise langt for å handle. Me ser problema allerede for dei som bur på Matre, kor ein er avhengig av frivillige til å få løyst floka. Butikken er og eit knutepunkt der dei lokale og våre nye naboer kan møtas og kanskje slå av ein prat, noko som er viktig for å bli integrert raskere.

Når det gjeldt tilflytting til kommunen og Sandnes som krins, verker det negativt inn på dei tala, og me kjem inn i ein negativ spiral for lokal miljøet om nærbutikken forsvinn.

Me er og ein kystkommune der båtliv er ein stor del av vårt fritidstilbud for lokale,hytteeiere og tilreisande. Om ein må reise langt for å fylle drivstoff ,både for lokal næring og private, blir ikkje Sandnes ein attraktiv plass å besøke eller bu.

Eg håper kommunen kan være med å støtte opp om nærbutikken vår ,så den fortsatt kan bidra til vekst og næring i lokalmiljøet vårt.

Det skal være eit møte på søndag kl.18, der lokale og hyttefolk er invitert, eg håpar kommunen kan bidra med positive og kreative løysinga for fortsatt drift til butikken vår.

Mvh.

Beate Sandnes.